

# Sunnfjord vassområde

## Årsmelding 2016 for Sunnfjord vassområdeutval

### Om Sunnfjord vassområdeutval

Vassområdeutvalet er eit samarbeidsorgan for kommunar, statlege styresmakter og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta i vassområdet. Det overordna målet er å sikre tilstrekkeleg høg økologisk og kjemisk tilstand i alle elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. Vassområdet bidrar mellom anna til innhaldet i regional vassforvaltningsplan med tiltaksprogram for Sogn og Fjordane.

Prosjektplanen for 2016 – 2021 omtalar bakgrunn, mål, organisering, oppgåver, framdrift og økonomi for vassområdeutvalet. Kommunane er areal- og planstyresmakt og har sektormyndighet på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Kommunane har eigne verkemidlar og / eller har delegert myndigheit frå staten. Kommunane har difor ei særrolle i vassområdeutvalet, og mykje av arbeidet i vassområdet blir gjort for å bistå kommunane. Alle kommunane som har størsteparten av arealet sitt innanfor Nordfjord vassområde har slutta seg til prosjektplanen ved politiske vedtak.

Drifta av vassområdet er finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane (50 %), fylkeskommunen og Fylkesmannen (50 % til saman), som skildra i prosjektplanen. Prosjektleiing for vassområdet er tilsett av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og har sin daglege arbeidsplass på Sandane i Gloppen kommune. I tillegg til dei ordinære driftsmidlane har Sunnfjord og Nordfjord vassområde fått tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for eit prosjekt med den truga arten elvemusling.

### Aktivitetsplan 2016

Sunnfjord vassområdeutval slutta seg til aktivitetsplanen for 2016 i møte 11. mars 2016 (sak 3-2016). Aktivitetsplanen vart utarbeidd av prosjektgruppa (dei administrative kontaktpersonane i kommunane). Av dei skisserte aktivitetane er overvaking, synfaringar og temagrupper heilt eller delvis iverksett i løp av 2016. Invitasjon av referansegruppe og kunnskapsinnhenting av fysiske endringar og av vandringshinder er omtalt lenger ned i årsmeldinga.

### Tiltaksgjennomføring

Tiltaksprogrammet viser kva som må gjerast for å sikre tilstrekkeleg høg økologisk og kjemisk tilstand i vassdrag, sjø og grunnvatn. Dei delar av tiltaksprogrammet som kommunane har ansvar for gjeld i hovudsak ureining av elvar og innsjøar frå landbruk og avløp. For mange av desse vassførekomstane er kunnskapsgrunnlaget for mangelfullt til å velje effektive tiltak. I desse tilfella er det problemkartlegging som er tiltaket. Som ein lekk i problemkartlegginga har Sunnfjord vassområde utført overvaking og synfaring / bekkevandring i 2016.



# Sunnfjord vassområde

## Overvaking

Overvaking har i 2016 omfatta

- Vassprøver. 155 prøver vart tatt til analyse av mellom anna næringsstoff, organisk stoff og bakteriar, fordelt på 47 vassførekomstar og 3 tidspunkt (sommar, tidleg haust, sein haust). Ei rammeavtale for analyse av vassprøver vart inngått med VestfoldLAB i oktober 2016 for 2 år med opsjon for 2 år til. Innkjøpsavdelinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune føretok denne offentlege anskaffinga på vegne av fylkeskommunen og Fylkesmannen.
- Undersøking av botnlevande algar i 2 elvar i Jølster kommune. Asplan Viak samla inn prøvene som vart analyserte av Limnoconsult, etter ei offentlig anskaffing.

## Synfaring / bekkevandring

Det er arrangert synfaring / bekkevandring 4 dagar i 2016, i samsvar med aktivitetsplanen:

Kommune	Vassførekomst	Dato	Deltakarar
Fjaler	Nitterelva i Dale	29. februar	KOM, FK
Førde	Hafstadvellene	13. mai	KOM, FMLA, FMVA, NVE, FK
Askvoll	Gjelsvikelva, Kylleren, Bakkeelva, Rivedalselva	5. september	GR, KOM, FK
Gaular	Kvamselva	20. september	KOM, konsulent, FK


GR=grunneigar, POL=kommunepolitikar, KOM=kommunen, FMLA=Fylkesmannen landbruksavdelinga, FMVA=Fylkesmannen miljøvernnavdelinga, FK=fylkeskommunen, NVF=Naturvernforbundet

## Møteverksemd

I 2016 arrangerte vassområdet møte som vist nedanfor. Referat frå møta finn ein på vannportalen.no/nordfjord , under menyunktet «Møte i Nordfjord vassområde». Det var plan om å opprette temagrupper innanfor landbruk og avløp i 2016. Det vart gjennomført temamøte om spreidde avløp 28. oktober med deltakarar frå administrasjonen i kommunane.

Vassområdeutvalet	11. mars
Prosjektgruppa*	12. januar, 8. april, 13. mai, 25. august
Temamøte om avløp	28. oktober
Fjaler kommune	29. februar
Gaular kommune	07. april
Jølster kommune	24. juni

\*) Prosjektgruppa er samansett av ein administrativ kontaktperson frå kvar kommune



# Sunnfjord vassområde

Prosjektleiar har i tillegg deltatt på fleire møte for å drøfte organisering, prosess, arbeidsmåte og konkrete problemstillingar. Følgjande har delteke på møta:

Politisk leiing av vassregionutvalet	5 møte
Fylkesmannen miljøvernavdelinga	15 møte
Fylkesmannen landbruksavdelinga	1 møte
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	4 møte
Andre statlege etatar i vassregionutvalet	1 møte
Vestlandsforskning	2 møte
Vestfold lab	1 møte

Innlegg på Samling for landbruk og miljøforvaltning, Loen, arr: Fylkesmannen, 01.11

Prosjektleiar har deltatt på følgjande nasjonale samlingar / konferansar:

04.04 – 05.04	Nasjonal erfaringsamling med vassregionstyresmakter
29.08	Seminar om miljøgifter, Miljødirektoratet Oslo
30.08 – 31.08	Seminar om restaurering av vassdrag, Miljødirektoratet Trondheim
02.11 – 03.11	Nasjonal vannmiljøkonferanse, Miljødirektoratet Trondheim

Deltaking på kurs:

Kurs i Energi- og vassdragsjuss - vårsemesteret 2016, med kurssamling 30.05 – 3.06.

Kurs om offentlig anskaffing – fylkeskommunen 16.11

## Referansegruppe

Det låg inne i aktivitetsplanen 2016 å invitere lag og organisasjonar, verksemder m.m. til ei referansegruppe, etter innspel frå kommunane. Referansegruppa skal være talerør for de respektive interessene som for eksempel friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske, naturvern med meir. Referansegruppa kan inviterast med på synfaringar og i temagrupper. Liste over potensielle medlemar i referansegruppa vart laga i samarbeid med kommunane. Invitasjon vil bli sendt i 2017.

## Kunnskapsinnhenting: Fysiske endringar i elvar og kommunale vegar som vandringshinder

Vassområdeutvalet vedtok 11. mars 2016 å sette av 500 000 kr til innleige av konsulent for å auke kunnskapsgrunnlaget vedkomande fysisk påverknad av elvar i form av forbygging, kanalisering m.m. Utvalet vedtok i tillegg å sette av 300 000 kr til kjøp av konsulentteneste for å skaffe oversikt over kommunale vegar som fungerer som fiskevandringshinder. Det vart gjort innleiande drøftingar med Fylkesmannens miljøvernavdeling og NVE for å velje ut aktuelle vassdrag. Ein valde å starte med Angedalselva og nedre del av Jølstra. Tilbodsførespurnad vart sendt 27.09.2016 til Rådgivende biologer AS som har samla mykje fiskedata i desse elvane.



# Sunnfjord vassområde

## Økonomi

Førebels rekneskap viser at inntektene samsvarer med budsjettet i prosjektplanen for 2016 – 2021. Fylkesmannen bidrog i 2016 med 100 000 kr til kunnskapsinnhenting og utgreiing av tiltak for å få tilbake sjøaure i Storevatnet i Florø, etter søknad frå vassområdet. Disse midlane kom i slutten av året og vart difor overført til 2017.

I budsjettet for 2016, som vart vedtatt av Sunnfjord vassområdeutval 11.03.2016, sak 4-2016, var det sett av midlar til konsulenttenester med kunnskapsinnhenting om fysiske endringar i elvar (500 000 kr) og vegkulvertar som vandringshinder for fisk (300 000 kr). Midlane vart henta frå fond med overskot frå tidlegare år. Disse prosjekta vart ikkje sett i gang i 2016 og midlane er difor lagt inn på budsjettet for 2017.

Førebels rekneskap viser at utgifter til prosjektleiing, møter/reiser/kurs og vassanalyser/overvaking ligg innanfor budsjettet. Rekneskapen syner eit overskot i 2016 på ca. 231 000 kr (beløpet er ikkje endeleg stadfesta). Overskotet er overført til fond, og øyremerka til vassforvaltning i Sunnfjord vassområde.

### Førebels rekneskap og budsjett for Sunnfjord vassområdeutval 2016-2017

per 19.09.2017

	2016 Budsjett	2016 Rekneskap	2017 Budsjett
<b>UTGIFTER</b>			
Prosjektleiing	430 000	361 055	430 000
Møter, reiser, kurs	70 000	61 203	70 000
Vassanalyser, overvaking	300 000	171 049	300 000
Konsulenttenester	800 000	0	800 000
Konsulenttenester (Storevatnet)			100 000
<b>INNTEKTER</b>			
Midlar frå kommunar	-367 236	-400 000	-367 236
Fylkeskommunale midlar	-400 000	-325 000	-400 000
Statlege midlar (Storevatnet)		-100 000	
<b>RESULTAT</b>			
Avsetning(-)/bruk(+) fond	832 764	-231 694	932 764
Saldo pr 01.01.	2 326 236	2 326 236	2 557 930
Saldo pr 31.12.	1 493 472	2 557 930	1 625 166

Merknad til budsjetterte midlar frå kommunane 2016 og 2017: Når Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2015 overtok administreringa av vassområdet frå tidlegare vertskommune, Førde kommune, vart vassområdet sine restmidlar overført frå kommunen. Det vart då overført 32 764 kr for mykje. For å rette opp dette, er beløpet trekt ifrå inntekte frå Førde kommune i budsjettet for 2016. Dette vart ikkje gjort, og fråtrekket er difor ført opp igjen i budsjett for 2017.